



- det naturlege valet

**Til**

## **Arbeidsgjevar som tilset utanlandske arbeidrarar**

### Tuberkulosekontroll – ei lovpålagt plikt for arbeidsgjevar og arbeidstakar

Personar frå land med høg førekomst av Tuberkulose, som skal opphalde seg i landet i over 3 månader har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking. Denne undersøkinga omfattar eit røntgenbilde av lungene og skal gjerast snarast mogeleg etter ankomst.

**Du som arbeidsgjevar pliktar å sjå at resultat av undersøkinga føreligg med negativt resultat før arbeidaren startar i jobben.**

(Forskrift om tuberkulosekontroll, kapittel 3, § 3-1 og 3-2).

### Om Tuberkulose (TB)

Mange land i verda har framleis høg førekomst av tuberkulose.

1/3 av verdas befolkning er smitta av tuberkulose, og kan difor utvikle sjukdom.

Ein person med aktiv lungetuberkulose er smittsam for alle i sin omkrets.

Over 85 % av dei som har tuberkulose i Noreg er frå utlandet.

### Praktisk gjennomføring

Din kontaktperson i kommunen (telefonnr. nedst) skal ha namnet på utlendingar som skal starte i arbeid hos deg. Helsesystem tilviser personen til røntgen.

Røntgenavdelingane er behjelpelige med å setje opp timar slik at gjennomføringa kan tilpassast.

Førde: 578 39390, Eid: 578 64100, Lærdal 57640100, Florø 57751141.

All TB undersøking er gratis, utgifter med reise, inkludert eigenandel, vert refundert ved å fylle ut [reiserekningsskjema](#).

Dersom ein unnlèt å møte til røntgen utan å avbestille timen vert det kravd eit gebyr på kr 307,-.

Lege/ helsesystem som tilviser til røntgen mottok svaret elektronisk innan 2 dagar, samt papirversjon pr post.

Dersom familien til arbeidaren kjem til landet for å busetje seg her (i 3 månader eller meir) skal desse òg kontakte helsestasjonen for å få vurdert behovet for tuberkulosekontroll og vaksinasjonar.

Vi ber om at de hjelp oss å informere om dette.

### **Sjå FHI's liste over land med høg tuberkulose førekomst:**

**Pr sept 2014:** Europa og sentralasiatiske republikker: Bosnia-Hercegovina, Grønland, Romania og alle land i det tidligere Sovjetunionen: Armenia, Aserbajdsjan, Estland, Georgia, Hviterussland, Kasakhstan, Kirgisistan, Latvia, Litauen, Moldova, Russland,

Tadsjikistan, Turkmenistan, Ukraina og Usbekistan. Amerika: Belize, Bolivia, Brasil, Den dominikanske republikk, Ecuador, Guatemala,

Guyana, Haiti, Honduras, Panama, Paraguay, Peru og Surinam. Oseania: Guam, Kiribati, Marianaøyene, Marshalløyene, Mikronesia,

Nauru, Palau, Papua Ny-Guinea, Salomonøyene, Tuvalu og Vanuatu. Asia: Afghanistan, Bangladesh, Bhutan, Brunei, Burma

(Myanmar), Filippinene, India, Indonesia, Irak, Jemen, Kambodsja, Kina, Laos, Malaysia, Mongolia, Nepal, Nord-Korea, Pakistan,

Singapore, Sri Lanka, Sør-Korea, Taiwan, Thailand, Vietnam og Øst-Timor. Afrika: Alle land unntatt Egypt, Mauritius, Komorene, Seychellene og Tunis.

Aurland Kommune v/ Helsesøster og Kommunelege

Din kontaktperson: May Sigrun Winjum Tlf. 57 63 20 37/ 95 98 46 40